

Medlemmane i fylkestinget

Innkalling til møte i fylkestinget 4. og 5. desember 2018

Fylkesutvalet har vedteke å kalle inn til møte i fylkestinget:

Tysdag 4. desember 2018, kl 10.00 på Fylkeshuset i Leikanger kommune.

I samsvar med dette og i medhald av Kommunelova av 25.september 1992, vert du hermed kalla inn til møte i fylkestinget. Det vert møte i fylkesutvalet måndag 3. desember. Innkalling med tidspunkt vert sendt seinare.

Det er pliktig frammøte til fylkestinget. Dersom du meiner at du har lovleg forfall, ber eg om at søknad om forfall, stila til fylkesordføreren, snarast mogeleg vert sendt per e-post til: svein.hagard@sfj.no, med kopi til marit.silje.husabo@sfj.no. Søknaden må vere grunngeven og godkjent av gruppeleiaren. Fylkesordføreren tek stilling til søknaden.

Kost og reiseutgifter vert refunderte med utgangspunkt i frammøte måndag 3.desember 2018. Tidspunkt for frammøte fastset gruppene sjølve ved innkalling til gruppemøte. **Det er bestilt overnatting på Sognefjord Hotel. Dersom du ikkje ønskjer overnatting, gje melding til hotellet på tlf. 57 65 11 00.** Eg legg til grunn at tingseta vert avslutta 5. desember.

Når det gjeld bruk av eigen bil, viser eg til regulativet for fylkeskommunalt tillitsvalde. Dette finn du i «Arbeidsvilkår for folkevalde» på heimesida til fylkeskommunen, www.sfj.no – Politikk > For politikarar > Reglement og rutinar. Kap. 6 lyder:

Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet. Utgangspunkt og returpunkt for reisene skal vere folkeregisteradresse. For studentar kan studiestadadressa reknast som utgangspunkt og returpunkt dersom dei reiser på rimelegaste måte. Fylkesutvalet kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå reglane om utgangspunkt og returpunkt. Fylkestingsmedlemmer som bur heime eller privat under tingseta skal ha kost- og overnattingsgodtgjersle etter regulativet, men slik at dagane vert rekna som ei samanhengande reise.

Eg minner om at dei som nyttar eigen bil pliktar å samordne reisa med andre tillitsvalde.

Saksførelegg til sakane som skal handsamast vert sendt dykk elektronisk i OneNote. I tillegg vert dei publisert på heimesida - www.sfj.no.

Med helsing

 Jenny Følling
 fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift